

Ordning for

INSTEDALEN HJORTEVALD (storvald)

Revidert 29.05.19

- fra 29.05.19 avdeling under Øvre Naustdal Utmarkslag
- revisjon av ordning gjeldane sidan 31.05.06.

§ 1-13 er ein revisjon av vedtektena gjeldande fram til 29.05.19 mai og ordningane referert under gjeld etter at Instedalen Storvald er innlemma i Øvre Naustdal utmarkslag

§ 1: Instedalen Hjortevald

Instedalen Hjortevald er eit lag av rettshavarar innanfor området som går fram av paragraf 3. Arealet er i store trekk same areal som det som gjeld for medlemene I Øvre Naustdal Utmarkslag.

§ 2: Målsetjing og arbeidsfelt.

Valdet skal samle rettshavarane i dei tidlegare småvalda i området for å forvalte hjorteviltet som ein del av næringsgrunnlaget i landbruket.

Valdet har som overordna mål å forvalte hjortestammen på ein slik måte at ein sikrar optimal og varig produksjon og avkastning, sunne og friske dyr, god fordeling på alder og kjønn og med rett storleik på stammen sett i høve til leveområdet si bere-evne (beitetilgang) og skadepress (skog og innmark) for anna verksemder.

Valdet skal arbeide med hjorteforvaltninga. Valdet skal tryggje at den grunneigarstyrde forvaltninga er skikkeleg planlagd og valdet fordeler fellingsløyve mellom medlemmane.

Valdet skal vere aktiv i arbeidet med å auke kunnskapane til medlemmane innanfor hjorteforvaltning.

§ 3: Avgrensing.

Valdet strekkjer seg frå : Berg/Svoda, Vona, Nes, Svorstøl, Øyjord, Øvre Fimland, Indre Fimland, Bruflat, Åsen og Trodal

Sjå ellers §5.

§ 4: Medlemskap.

Medlemmane skal melde seg inn skriftleg. I hjortesaker skal ein forholde seg til det *einskilde jaktfelt. Grunneigarane er medlem via jaktfelta.*

Eventuell utmelding/bytte av jaktfelt eller storvald skal vere skriftleg innan 31. desember til leiaren i Øvre Naustdal Utmarkslag og gjeld påfylgjande år. Utmelding av Storvaldet vil bety at Storvaldet under administrasjon av Øvre Naustdal Utmarkslag ikkje lenger vil tildele kvoter for vedkomande bruk. Grunneigar må evt vidare forholde seg til kommunen si hjorteforvaltning.

§ 5: Partar.

Kvar jaktfelt opptrer i hjortesaker som ein part.

Jaktfekt for Øvre Naustdal Utmarkslag – Instedalen Storvald

Nr	Jaktfelt	Jaktfelteleiar	Dekar	Merknad
	Berg	Leif Arne Hundeide	827	
	Kleiva/Plassen/Yste Svoa	Peter Garlic	1221	
	Inste Svoa	Olav Svoen	1671	
	Felles Berg/Svoa - stølsmark	Hundeide/Garlic/O. Svoen	1337	
	Vona	Odd Vonen	3007	
	Nes	Marius Nes	6654	
	Svorstøl	Inge Svorstøl	2025	
	Øyjord	Svein Svorstøl	1777	
	Øvre Fimland 1	Gudmund Eimhjellen	879	
	Øvre Fimland 2	Sverre Stenberg	383	
	Indre Fimland	Ståle Fimland	1997	
	Åsen	Arne Fimland	1458	
	Bruflat 1	Kim Horstad	425	
	Bruflat 2	Arild Bruflat	555	
	Bruflat 3	Norodd Buflat	844	
	Trodal/Bruflat	Ruth Signe Bruflat	1965	
Alle			27025	

§ 6: **Arbeidsår.**

Arbeidsåret føl kalendaråret.

§ 7: **Årsmøte.**

Årsmøtet er ein del av Øvre Naustdal Utmarkslag sitt årsmøte og fyl reglane for dette.

§ 8: **Ekstraordinært årsmøte.**

Evt. ekstraordinært årsmøtet er ein del av Øvre Naustdal Utmarkslag sitt ekstraordinære årsmøte og fyl reglane for dette.

§ 9: **Styre.**

Styret er ein del av Øvre Naustdal Utmarkslag sitt styre, og det skal utpeikast peronar i dette styret som har særlege oppgåver ifht hjorteforvaltninga. Særlege oppgåver ifht hjorteforvaltninga er:

- arbeide for ei langsiktig og best mogeleg forvaltning av hjorteviltet jfr. § 2,
- lage framlegg til bestandsplan for hjorten i valdet med mellom anna:
 - framlegg til årleg kvote,
 - framlegg til kjønns- og aldersstruktur i jaktuttaket,
 - framlegg om lengda på planperioden,
 - framlegg om fordeling av jaktkvoten mellom medlemmane, med reglar for jakta.

- lage framlegg til avskytingsplan til årsmøtet,
- inngå avskytingsplan med kommunen på grunnlag av årsmøtevedtak,
- gje god informasjon til medlemmane om faglege spørsmål,
- gjennomføre tiltak som aukar kunnskapen om hjorteforvaltning mellom medlemmane,
- gjennomføre dei tiltaka som vert fatta av årsmøtet.

§ 10: Valnemnd/representantar til styret.

Som del av Øvre Naustdal Utmarkslag.

§ 11: Økonomi.

Inntekter og utgifter i hjorteforvaltninga skal administrerast gjennom eigen bankkonto i Øvre Naustdal Utmarkslag.

§ 12: Oppløysing.

Evt oppløysing av valdet fylgjer reglane for oppløysing av Øvre Naustdal Utmarkslag.

§ 13: Tvist

Tvistar skal løysast etter gjeldande reglar for Øvre Naustdal Utmarkslag og i samarbeid med den kommunale hjorteforvaltninga.

Desse ordningane er gjeldande fom 29.05.19